



INGENIØR JOSTEIN BØ
Kråkvika 33
6390 VESTNES

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Vestnes kommune

Detaljregulering for næringsområde BN10 på Sessneset

Fråsegn til varsel om oppstart av planarbeid

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Ing. Jostein Bø varslar på vegne av Sætre Matfisk AS oppstart av planarbeid for detaljregulering for næringsområde BN10 på Sessneset i Vestnes kommune.

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for landbasert oppdrettsanlegg for anadrom fisk. Reguleringsplanen skal legge til rette for utviding av aktiviteten som er der i dag, samtidig som det skal opnast for at anna aktivitet skal kunne etablere seg på området.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Planfagleg og KU

Av oppstartsvarselet går det fram at skuleområdet var meint å vere næringsområde i utarbeiding av kommuneplanens arealdel, men at det i dag står «utan planstatus».

Av kommuneplanens arealdel går det fram at reguleringsplan for Skuletomt Daugstad er vedtatt utgått tidlegare. I planregisteret til kommunen går det derimot ikkje fram at det er gjort vedtak om oppheving av reguleringsplanen. Vi ber om difor om ei klargjering om kva som er aktuell planstatus for området. Vi påpeiker at ein ikkje kan ta utgangspunkt i at området var meint å leggest ut som næringsområde i kommuneplanens arealdel når det i realiteten ikkje vart gjort.

Av oppstartsvarselet går det fram at føremålet med planarbeidet i hovudsak er i samsvar med kommuneplanens arealdel frå 2015 og at det dermed ikkje er krav om KU.

Statsforvaltaren er ikkje samd i dette. Delen som omfattar tidlegare skuletomt er ikkje avklart til næringsføremål.

Da oppstartsvarselet er lite detaljert, har vi ikkje per i dag grunnlag for å konkludere om tiltaket vil kunne få vesentlege verknader for miljø eller samfunn, jamfør § 8 og 10 i forskrifta. Vi ber om at det blir gjort ei ny vurdering om planarbeidet vil vere omfatta av *Forskrift om konsekvensutgreiing*.

Forureining og støy

Forureining

Lokaliteten ligg langt inn i Tresfjorden. Generelt rår vi i frå å legge til rette for oppdrettsanlegg langt inne i ein fjord, då miljøkonsekvensane her vil vere større enn i dei opne kystområda.

Vi er uroa for at utsleppet vil gje negative verknader for økosystemet i fjorden, og ber om at dette blir nærare utgreidd. I reguleringsplanen må ein sikre at ein får avsett nok areal til reinseanlegg som gir tilstrekkeleg reinsegrad.

Utfylling i sjø

Plangrensa går langt ut i sjø, men vi har ikkje fått informasjon som tilseier at det er planlagt ei massiv utfylling. Vi føreset difor at dette ikkje er planlagt.

Støy

Næringsarealet vil grense mot bustadområde. *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442*, med tilhøyrande rettleiar M-128, skal leggst til grunn for all arealplanlegging og utbygging.

Støytilhøva må avklarast. Det må utarbeidast ein støyrapport med forslag til ev. avbøtande tiltak mot støyfølsame bygningar i influensområdet. Naudsynte støyskjermingstiltak skal takast inn i plankart og føresegner.

Natur- og miljøvern

Naturmangfald

Det er ei eldre registrering av nordflaggermus innafor planområdet. Arten er i kategorien sårbar på Norsk raudliste 2021, og er såleis ein truga art. I følge registreringa var arten næringsøkande når han vart observert. Nordflaggermusa jaktar gjerne i open skog, langs skogkantar, over opent landskap og over ferskvatn. Elva med kantsone kan vere eit viktig habitat for næringsøk, og tilseier at ein bør sette av ei god kantsone mot vassdraget.

Det er registrert framande artar som hagelupin og platanlønn innafor planområdet. Vi ber om at ein sikrar i føresegnene tiltak for ikkje å spreie framande artar i anleggsfasen.

Anadrom fisk

Daugstadelva er eit anadromt vassdrag. Det går både sjøaure og laks opp i elva. Den anadrome strekninga er ikkje lang og det kan sjå ut som gyteområdet ligg innanfor varsla planområdet. Det er sær viktig at det blir lagt ei tilstrekkeleg brei buffersone med naturleg kantsone mot elva, og at ein ikkje gjer inngrep i elva som påverkar tilhøva for anadrom fisk negativt.

Friluftsliv

Vi ber om at det blir gjort greie for allmenne interesser i planområdet og influensområdet for planlagt tiltak. Dette inkluderer allmenne interesser langs elva og i munningsområdet.

Strandsone

Strandsone er av nasjonal betydning og skal forvaltast slik at miljøverdiar og allmenne interesser blir tatt vare på. Det er viktig å unngå uheldig nedbygging. Næringsarealet ligg i strandsone og ein viss påverknad på desse verdiane vil det bli. Men vi ber om at ein tek omsyn til landskap og allmenne interesser så langt det går, og at ein legg opp til ei skånsam utbygging som ikkje krev store inngrep i strandsone og dominerer for mykje i landskapet.

Vassdrag

Gjennom arealplanlegging kan kommunen bidra til å ivareta eit godt miljø i vatn og vassdrag, innsjøar, fjordar og sjøområde. Vassmiljø omfattar økologiske og kjemiske høve i ein vassførekomst. Det er eit nasjonalt mål at økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemteneste. Forureining skal ikkje skade helse og miljø.

Kommunen skal i utgangspunktet ikkje planlegge noko som gjer at miljømåla ikkje kan nås, eller at tilstanden blir dårlegare. Løyve til tiltak som kjem i konflikt med miljømål må vurderast etter vassforskrifta § 12. Planarbeidet må såleis greie ut om tiltaket vil kunne påverke miljømåla i elva og fjorden. Om dette er tilfelle skal det gjerast ei vurdering etter vassforskrifta § 12.

Langs vassdrag med årsikker vassføring skal det oppretthaldast kantvegetasjon, jamfør vassressurslova § 11. Vi ber om at breidda på kantsone blir fastsett i plana og sikra med tilhøyrande føresegner.

Vi tek det elles for gitt at det ikkje er behov for uttak av meir ferskvatn frå elva til næringsaktiviteten.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Det må gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet, jf. plan- og bygningslova § 4-3. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføre mål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. Vi ser at det i oppstartvarselet allereie er nemnd nokre forhold som er aktuelle å inkludere i ROS-analysen. DSB har utarbeidd ein rettleiar «*Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging*». Denne tilrår mellom anna at kommunen stiller kvalitetskrav til ROS-analysen.

Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone, jf. plan- og bygningslova § 12-6. Ved siste plannivå er det ikkje mogleg å skyve nærare avklaring av reell fare til byggesak. Kravet til ROS-analyse i pbl. § 4-3 vil då ikkje vere oppfylt.

Vi gjer merksam på «*Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing*». Denne seier mellom anna at ved planlegging av nye område for utbygging, fortetting eller transformasjon, skal det vurderast korleis omsynet til eit klima i endring kan sikrast. Det er viktig at ROS-analysen inkluderer ei vurdering av kva effektar klimaendringar vil gje, om planområdet er utsett for klimaendringar, og vurdere konsekvensane klimaendring vil ha for planområdet og planlagde tiltak. Det bør leggjast vekt på gode heilskaplege løysingar og varetaking av økosystem og arealbruk med verdi for klimatilpassing som òg kan medverke til auka kvalitet i uteområde. Planar skal ta omsyn til behovet for opne vassvegar, overordna blågrøne strukturar og forsvarleg overvasshandtering. Det skal grunngjevast dersom naturbaserte løysingar ikkje veljast. «*Klimaprofil Møre og Romsdal*» gjev eit kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing i fylket. Miljødirektoratet har laga ein [rettleiar](#) til korleis planar kan ta omsyn til klimaendringar.

Barn og unge

Planlegging av gode og trygge oppvekstmiljø for barn og unge er ei viktig kommunal oppgåve. Tilrettelegging i nærmiljøet bidrar gjerne til betre helse, trivsel og oppvekst.

Plan og bygningslova held i sin formålsparagraf fram prinsippet om at barn og unges oppvekstvilkår skal takast i vare i planlegging og byggesak, jamfør § 1-1. Alle kommunar skal ha eit system for at barn og unge skal bli høyrte i planarbeidet. Vi rår til at barnerepresentanten i Vestnes kommune får høve til å uttale seg i saka.

Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging har forankring i § 6-2 i lova, og legg føringar for arbeidet. Vi ber om ei utgreiing om tiltaket rårer ved barn og unges interesser, både når det gjeld direkte omdisponering av areal, samt trafikktryggleik for dei som bur i nærområdet.

Av referatet frå oppstartsmøtet med kommunen går det fram at det er ein ballbinge på arealet aust for vegen. Vi minner om at om ein omdisponerer areal som er i bruk til leik, skal ein skaffe fullverdig erstatning, jamfør *Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging punkt 5d*.

Konklusjon

Vi viser til merknadene over og ber om at dei vert tekne omsyn til i planarbeidet.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Jorunn Mittet Eriksen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi til:

NVE VEST	Naustdalsvegen 1B	6800	FØRDE
VESTNES KOMMUNE	Rådhuset Brugata 10	6390	VESTNES
STATENS VEGVESEN	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
FISKERIDIREKTORATET	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
KYSTVERKET	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	Postboks 2500	6404	MOLDE